

# LOV OG EVANGELIUM

Oppbyggelig blad gitt ut av Norsk Luth. Lekmannsmisjon

Nr. 1

Januar 1972

8. årgang

## *Du er dyrt kjøpt*

(1. Kor. 6, 20)

Matte aldri denne tanke forlate Guds barn, da skulle den bli et sterkt vern om vår vei, for intet har slik makt over en troendes hjerte som Jesu kjærlighet. *I er dyrekjøpte*, for løsepengen var intet mindre enn Guds Sønns eget blod. Først når vi trer hen under Golgata kors, forstår vi noe av hva vår frelse har kostet, og hvor høyt Herren har elsket sine døtre. Kostbarere kan ingen kjøpe noe enn ved sitt eget liv. Herren solgte alt hva han hadde, sin herlighet blant englenes millioner, og ofret seg selv for å kjøpe oss til sin himmelske brud. Han «gav seg selv til en løsepeng for alle». (1. Tim. 2, 5).

Når synden vil lokke deg, *husk da på at du er dyrekjøpt*. La da hans tornekronede hode minne deg om hva han har ofret for å utfri deg fra syndenes makt. Og når du da ser hvorledes dine synder bøyde ham i støvet i

Getsemene have, kan du da følge syndens lyst? Nei, hans blodige skikkelse vil gi deg den rette avsky og det rette hat til synden. Hvorledes skulle du kunne gjøre den store ondskap å synde mot en sådan frelser?

Drar verden på ditt hjerte, da *kom ihu at du er dyrekjøpt!* Har Herren lidt så mye for å utfri deg fra den onde verden, skulle du da vandre etter den — eller skikke deg lik med den?

Å, under alt som vil dra ditt hjerte bort fra nåden, bør du si til ditt hjerte at *du er dyrekjøpt!* Skulle du akte din egen sjel så ringe, når Herren har gitt sitt liv for den? Skulle all frelserens møye og arbeide for å frelse deg, da bli forgjeves for deg! Nei, bort med alt som stiller seg mellom deg og Jesus! *Du er dyrekjøpt*, og han bør være din sjels herre, din gled, din lyst, og ditt alt.

«Hyrderøsten».

## Hva er kristendom?

Av Øyvind Andersen

I vår forrige leksjon snakket vi om særlig to egenskaper hos Gud. Det var *hans hellighet*, og det var den vi egentlig avsluttet den forrige leksjonen med. Og så nevnte vi at vi skulle komme tilbake til *Guds frelsende kjærlighet*.

Før vi tar opp tråden der, så la meg ta opp igjen det jeg nevnte at Guds egenskaper er *ikke sider ved Gud*. Det er så viktig at det kan ikke understrekkes nok. Gud har ingen sider. Han er den ene, den fullkomne, den

hellige, den kjærlige. Han er Gud, kort sagt, vi kan ikke si det nærmere enn det. Og i hvert eneste glimt vi møter ham, så møter vi ham som den han i virkeligheten er. Møter du Guds hellighet, så møter du Gud personlig. Møter du Guds frelsende kjærlighet, så møter du og Gud personlig. La dette stå klart.

### Guds frelsende kjærlighet.

Det er evangeliets åpenbaring. Liksom Guds hellighet er lovens åpenbaring, er hans frelsende kjærlighet evangeliets åpenbaring. Og nå har vi fått det riktige utgangspunkt, både for loven og for evangeliet. Jeg sluttet forrige gang med å peke på at loven er gitt på grunnlag av dette: Jeg, Herren, din Gud, er en hellig Gud. Evangeliet er en åpenbaring av at denne hellige Gud, han elsker oss mennesker, og elsker oss slik at han frelser oss fra det, som hans hellighet ikke kan unngå å sende over oss. Etter Guds hellighet må synden få sin dom. Vi er prisgitt Guds straffedom, for Gud korkje kan eller vil gå på akkord med synden.

Guds frelsende kjærlighet er at Gud selv finner en utvei til å frelse oss fra denne sin egen dom over synden. Det er underlig, men Luther sier det meget treffende: Gud frelser oss fra Gud. Slik karakteriserer han evangeliet. Gud frelser oss i sin egen kjærlighet fra den dom vi ellers måtte være hjemfallen til. Og ut fra det skal vi se på noen av de ord som Bibelen bruker om Guds frelsende kjærlighet.

Vi har da først og fremst ordet *nåde*. Det betyr at Gud elsker oss uten grunn i oss selv. Gud elsker oss *for intet*, aldeles uforskyldt, uten hensyn til hvem vi var eller er. Visst nok snakker vi mennesker om å bli fortjent til Guds nåde, men det er en umulighet. Man kan ikke bli fortjent til Guds nåde. Guds nåde er nettopp dette at Gud elsker oss, ganske enkelt fordi han elsker oss, aldeles uten noen grunn i oss. Og det er denne Guds store nåde som er eneste årsak til alt det Gud

har gjort, og fremdeles gjør, for å frelse meg og deg. Alt er av nåde. Det er en av kirkefedrene som sier: Jeg har grunnet i netter og dager på hva det vel kunne være som beveget Gud til å elske oss, og jeg har kun funnet dette ene svar: Han elsket, derfor elsker han. Bedre kan det ikke sies. Der er ingen grunn for Guds kjærlighet, den er av nåde.

Et annet uttrykk er *miskunn*. Det betyr at Gud ser til oss i vår elendighet. Det er understreket i Guds ord gang på gang: Elendige folk tar du deg av. Det er sitat fra en av salmene det. Elendig, ja det er elendig, det er det den føler som ser sant på seg selv. Det det menneske føler seg, som kommer til kort her i verden, som ikke kan gå på akkord med sannheten — han føler seg elendig, han kjenner seg forstøtt, fortapt og fordømt. Og så kommer Gud og sier om seg selv: Han elsker, fordi han elsker, uten noen som helst årsak hos oss.

På lignende måte er det med ordet *barmhertig*. Det betyr at han har hjertelag overfor oss. Slik er det også med *tålmod*. Gud tåler det onde, og hvorfor tåler han det onde? Jo, fordi han har gjort, og gitt ting til vår frelse, og vil at de skal skje fyldest før han sender sin dom. På samme måte er *langmodighet* brukt i forbindelse med Guds kjærlighet. Det betyr en lenge øvet tålmodighet. Og så har vi ordet *godhet, trofasthet*. Det kan ikke sies om mennesker at de er trofaste, tvert imot de er troløse, men Gud er trofast. Han holder hva han har lovet, han står ved sitt ord, han kan du stole på.

Og du ser at det er en stor oppbyggelse å stanse for hva Skriften sier om Guds kjærlighet. Og i hvert eneste av disse ord: Nåde, kjærlighet, miskunn, barmhertighet, tålmod, langmod har vi åpenbaringsglimt, og vi møter den sanne, levende Gud som frelser oss.

Men evangeliet, Guds frelsende kjærlighet, fullbyrdes fremfor alt i Jesus Kristus. Jesus

**Bladet Lov og Evangelium**

Utgjøvarpoststad : 5400 Stord

Red. Amund Lid, tlf. 75. Norheimsund  
Eksp.: M. Skumsnes, Horneland, Stord  
Postgiro : 42887, Stord

Bladet blir sendt gratis til alle som sender eksp. namn og adr. Blir halde opp med frivillige gaver

*Norsk Lutherisk Lekmannamisjon :*Formann : Olav A. Dahl,  
boks 95, 5401 Stord. Tlf. 69  
Kass. Sverre Bøhn, Norheimsund  
postgiro nr. 68213  
Bankgiro : Vikøy Sparebank,  
Norheimsund 3530.07.09492  
*S. Botnens Boktrykkeri, 5401 Stord*

Kristus, det er Guds Sønn er blitt menneske. Vi kommer litt tilbake til det i en senere leksjon. Men vi kan ikke tale om Guds frelsende kjærlighet, uten samtidig også å peke på Guds frelsende kjærlighet som fullbyrder seg i den kjensgjerning at Gud selv går inn i menneskeheten i sin Sønn. Han går inn for å ta på seg det som han selv etter sin hellighet må felle dommen over. Det er noe ufatelig, dommeren går her og tar dommen for de dødsdømte. Der har du Guds frelsende kjærlighet.

Tenk om menneskene visste dette. Og jeg kunne ha lyst til å spørre deg som følger disse leksjoner, og som hører på denne måten, har du tenkt på det noen gang at Guds frelsende kjærlighet er at Gud selv tok den dom som du har fortjent, for at du skal slippe den. Ja, nettopp det, for at du skulle slippe den. Derfor kaller han på deg, derfor vil han ha deg til å innromme, til å innse dine synder. Ikke for å gjøre deg vondt, ikke for å slå deg ned, men for at du skal få se hva du ellers umulig kan få se, at det som du må svare rekne-

skap for, det skal du få slippe fordi han selv i sin evige kjærlighet tok din dom. Dette er Guds frelsende kjærlighet. I dette møter du Gud selv, levende og personlig. Den som hører dette, og tror dette, er derfor et frelst menneske. Det står meget klart og utvedtigd sagt i Guds ord.

Nå har vi i disse leksjoner stanset litt ved det vi kaller Gudsbegrepet, og vi er også kommet litt, med hensikt og vilje, inn på noen personlige forhold i den sammenheng.

Nå sier Guds ord videre at denne ene, treenige Gud, som har denne vesens fylde, han har skapt alle ting. Om skapelsen kan vi ikke si meget i disse leksjonene. Men vi skal i allfall ha nevnt at *alt er skapt ved han!* Det står klart i Guds ord: Da Gud skapte var ingen med ham. Ingen og intet eksisterer før Gud. Det står meget klart: *Han er før enn alle ting.* Det står om Faderen, og det står om Sønnen, og da skjønner vi at det også gjelder Den hellige Ånd. Og det står alt i begynnelsen av skapelsesberetningen at Guds Ånd svevde over vannene. Gud er til før alt og alle! Og alt er blitt til ved ham, og uten ham er ikke noe blitt til av alt det som er blitt til.

Så skal vi da i neste leksjon stanse litt ved det Bibelen sier om skapelsen, og da til slutt særlig ved det som er sagt om menneskets skapelse, og hvem menneske er opprinnelig.

## **Idag, om I hører hans røst, da forherd ikke eders hjerter**

I vår tid finnes mange store villedende ånder. Satan selv skaper seg om til en lysengel for å kunne bedra mange. Dette er ingen overraskelse for dem som kjenner Guds

ord, for jo nærmere vi kommer Kristi annet komme, jo større makt får villfarensene. «Men det skal du vite at i de siste dage skal det komme vanskelige tider. For menneskene skal da være egenkjærlige, penekjære, stortalende, overmodige, spottende, ulydige mot foreldre, utaknemlige, vanskelige, ukjærlige, upålitelige, baktalende, umåtelige, umilde, uten kjærlighet til det gode, svikfulle, fremfusende, oppblåste, slike som elsker sine lyster høyere enn Gud, som har gudfryktighetens skinn, men fornekter dens kraft — og disse skal du vende deg fra» (2. Timot. 3, 1—5). «Men Ånden sier med tydelige ord at i de kommende tider skal noen falle fra troen, idet de holder seg til forførende ånder, og djevelers lærdom, ved hykleri av falske lærere, som er brennemerket i sin egen samvittighet.» (1. Tim. 4, 1—2).

Mange tror at jo lengre tiden lir, jo lysere skal verdens situasjonen vise seg. Av Bibelen vet vi likevel at jo nærmere vi kommer Herrens annet kommer jo mørkere blir livet her på jorden. I 2. Tessal.brevet 2. kap. påpeker Paulus uttrykkelig at før Herrens gjengkomst kommer der til å inntrefte et stort frafall. Jesus uttrykte selv en gang samme tanke, da han sa: Men når menneskesonen kommer, mon han da vil finne troen på jorden? (Luk. 18, 8).

Visselig finnes der også da religiøsitet i verden. Det finnes til og med mangeskiftende kristelig sinnelag. Men levende kristendom, som er tent av Den hellige Ånd, er da sjeldent. Aller vanskeligst er det når sjefienden begynner å fremtre i kristendommens drakt. I bergprekene formaner Jesus oss til å gi akt på falske profeter som kommer til oss i førekår, skjønt de innvendig er glupende ulver. Et felles kjennetegn på alle disse falske profeter, er at de innbiller menneskene at de kan føre dem til Guds rike forbi den trange port og Golgata kors. De byr oss en kristendom som ikke bærer merke etter Kristi blod. Men bare en kristendom som er merket med blo-

det, blir godkjent i Guds rike. Det viser synet i Åpenb. 7, der hver og en i den store hvite skare hadde tvettet sine klær i Lammets blod.

En av vår tids største villfarelser er den såkalte oppfostringskristendom, den som ikke vil vite noe av vekkelse, sinnsforandring, omvendelse, syndsbekjennelse, rettferdigjørelse, gjenfødsel og den helliggjørelse som Den hellige Ånd virker. Denne kristendoms forkynnere frembærer alltid et annet evangelium enn Bibelen, og de er under den fordommelse som apostelen taler om i Galaterbrevets begynnelse.

Vi avslutter nå dette lille skrift ved å prøve å vise hvor nødvendig det er for et menneske som søker Gud å gå via Golgata kors til den smale vei. Bare denne vei leder frem til Lammets herlighet. En synder som ferdes på den brede vei må føres frem til det punkt der Den hellige Ånd får gi ham vekkelsens nåde. Herren vil bøye ham til en virkelig omvendelse og sinnsforandring.

Deretter vil Herren lede synderen til Golgata kors. Men å komme dit betyr alltid å komme til lyset, og det er smertefullt, for synderen hater lyset. (Johs. 3, 19—21). Et hvert menneske vil gjerne bli frølst med æren i behold. Men da ingen kan leve fullt ærbart for Gud, kan heller ingen bli frølst på annen måte enn som en synder. På Golgata blir synderen erklært æreløs. Der draes hjertets mest skjulte synder frem for Herrens ansikt. For å unngå å bli dømt, men likevel bevare håpet om himmelen, går synderen over til den andre side av den brede vei, den såkalte religiøse sti. På denne sti vandrer mange mennesker som ber, synger salmer, og utover mange slags fromhet. Men denne sti leder til samme sted som den brede vei, nemlig ildsjøen.

Men det er stor forskjell på dem som har kommet til Golgata kors, har gått inn gjennom den trange port, inn på den smale vegen, som har fått sine synder forlatt og er benådet av Herren og er nye skapninger, og på dem som har slått inn på religiøsitetens sti

og nå som gamle skapninger og naturreligiøse innbiller seg at de er på veg til himmelen. Mellom disse finnes en vesentlig forskjell. De som vandrer på den smale vei har kommet med sine synder frem i lyset, og har fått alt forlatt. De vandrer nå med god samvittighet og rene hjerter under Åndens ledelse mot herligheten. Mens de som vandrer på religiøsitetens sti, har ikke funnet virkelig frelse men ferdes veien frem med uoppgjorte synder og flekket samvittighet uten syndernes forlatelse og uten å være renset i blodet.

Min gode leser, hvilken vei vandrer du på? Har du kommet frem i lyset med dine synder og bekjent alt for Herren ved Golgatas nådestol, der du fikk oppleve en herlig benådning? Eller er du en av dem om hvilket Jesus sier at de elsker mørket? Da vandrer du ennå på denne dag med en flekket samvittighet, med et urolig hjerte, uten Guds fred, med Guds vrede over deg. Din kristendom er en stadig kvide og klage, og slik bør det også være for den som ikke har bøyet seg for Herrens vilje. Men nå vil jeg si deg, jeg, som er en livets

pilgrim og som elsker deg med Jesu kjærlighet: Også du står snart ved evighetens grense. Også du skal snart gjennem dødens port og stilles inn for Herrens domstol. Om du da ikke har fått alle dine synder forlatt, og er blitt renset i blodet, synker du ned i evighetens mørke der det er gråt og tenners gnidsel.

Hvor viktig er det da ikke at vi på en bibelsk måte oppfatter gjenførelsens hemmelighet. I gjenførselen fødes en ny skapning i Kristus. Akk om vi alltid kunne huske dette. Måtte vi ikke la noen med sin dårende lære lede vårt sorgløse sinn til en falsk fred, ved å tale om en gjenførsel som aldri har skjedd, men måtte vi alltid holde fast ved den apostoliske forkynnelse. Da skal vi en gang nå frem til det lykkelige målet for vårt livs ferd. Vi skal da komme til Lammets bryllupshøytid for evig, og glede oss sammen med den frelses som har kjøpt oss og vunnet oss.

*Fra «Hvem er en kristen»  
av prost Uro Muroma, Finland.*

## Det sjette bodet

**Du skal ikkje vera utru mot ekte-maken din (2. Moseb. 20, 14)**

Dette bodet er gitt til vern om ektemaken, ekteskapet og heimen vår. Berre den som har ein god ektemake, lever i eit godt ekteskap, og dermed er så lukkeleg å eiga ein god heim, veit kva for ei Guds gava det er. Forutsetningen og grunnlaget for eit godt ekteskap og ein god heim er kjærleik og truskap, og den vil Gud verna om med dette bodet. Den som fylgjer Guds anvisning her, han vil få erfara at læra er av Gud.

Det var utruskapen mot Gud og hans ord som øydedla menneske sitt samfunn og samliv med Gud, og som slepte synda og satans øy-

dande krefter inn i slekta. På same vis går det der utruskapen slepp inn i ekteskapet. Det er dei mange tusen øydelagde og opployste ekteskap vitne om. Det kan du forvissa deg om ved å tala med nokre av dei tusener ulukkelege, foreldrelause og heimlause barn, som ofte tek skade for livet ved foreldra sin utruskap.

Kom ihug kva du lova framfor Guds ansikt: Å elsa, æra og vera tru mot ektemaken inntil døden skil dykk åt!

## Kva forbyr det sjette bodet ?

All utruskap mot ektemaken. Det vi lseia all seksuell omgang med andre enn din eigen ektemake. Også all lust og tanke som i hjarta fører til utruskap mot ekteskapet, er synd mot dette bodet. Jesus seier at den som ser på ei kvinne med lust til henne, han har alt drive hor i hjarta.

Ved første blikk kan det sjå ut som dette bodet gjeld berre ekteskapet, og mange prøver nok å tolka det slik, serleg når det gjeld å kunna fylgja si eiga lust eller for å roa sitt vonde samvit. Men kvar den som er av sanninga vil ut frå Skrifta sjå at det gjeld også utanom ekteskapet« Den ugifte som syndar mot dette bodet, han syndar først mot Gud og deretter mot den som sidan skal bli ektemaken. Menneskja er svært noye med å få ubrukte og uskadde ting når det gjeld det som er å kjøpa i forretningen, men når det gjeld ektemake må dei fleste nøya seg med ein brukt og utskjemd ektemake i vår seksualistiske og syndefulle tid. Ungdom ! Gud har gitt deg dette bodet for å verna deg frå synda og det som vil øydeleggja livet for deg! Det skal hjelpe deg til å leggja eit godt grunnlag for eit godt ekteskap og ein lukkeleg heim, i kjærleik, reinleik og truskap. Korleis skal ein ungdom halda stien sin rein ? Når han held seg etter ditt ord. Slik spør og svarar Skrifta (Salme 119, 9) Les denne salmen, og du skal sjå at Guds ord er ei lykt for din fot og eit lys på din stig, som fører sann lukka med seg.

Dette bodet forbyr også seksuell omgang mellom *forlova par før ekteskapet*. Eg har blitt møtt med spørsmål om det kan vera synd, når me er glad i einannan og skal gifta oss likevel, Gud er ikkje så streng. Du som tenker slik, om du ikkje spør, gjer den sjebnesvangre feil å setja di eiga fornuft og tanke over Guds ord. Her, som alle andre stader, er Guds ord meir å lita på enn menneskefornufta. Bryt du Guds bod her, så syndar du først mot Gud og dernest øydelegg du så my-

kje for deg sjølv. Det å bli «nøydd» til å gifta seg, tek frå deg det finaste før bryllaupet, ved bryllaupsdagen, og i tida etter. Mange bles åt slik tale, når foreldre og andre prøver å åtvara, og reknar det for gamaldags trongsyn. Men mange er dei som ved bitter erfaring lyt sanna at dei hadde rett, men då er det forseint, kor gjerne dei ynskte det ugjort. «Den som høyrer disse orda mine, og gjer etter dei, han er ein vitug mann (og kvinne), som byggjer huset sitt på berg.» (Matt. 7, 24).

Å høyra etter Guds bod og fylgja dei, det kan aldri bli deg til frelse, av di du ikkje er i stand til å gjera det fullkomment. Lova er makteslaus på grunn av vårt kjøt, og det står skrive at den kan ikkje gi liv. Men å fylgja Guds bod og prøva retta seg etter dei, det kan aldri bli deg til frelse, av di du ikkje er i stand til å gjera de tfullkomment. Lova er makteslaus på grunn av vårt kjøt, og det står skrive at den kan ikkje gi liv. Men å fylgja Guds bod og prøva retta seg etter dei, det vil gi deg mykje velsgining her i livet og vara deg frå mykje vondt.

Å selja, lesa og leva i usedeleg litteratur, bilet og film er også synd mot det sjette bodet. Det er sjølve sæden som spirer og lever i hjartelivet og kjenslelivet, til det ein dag bryt stengslene og fører til hor både hjå den ugifte og den som lever i ekteskap. Paulus seier at den som forkynner eit anna evangelium og ein annan Jesus, enn Bibelens, *han være forbanna*. Det same kan seiast om den som forkynner «seksualitetens budskap» i litteratur, bilet, film, fjernsyn, ved sin «sote» tale og på annan måte. Like eins den som i sitt pengebegjær spreider og handlar med slike ting. Guds forbannelse kviler over deg, og ein gong skal den ulukka og lidelse du har ført andre ut i koma over ditt eige hovud. - Overfor den Heilage og rettferdige Gud nyttar det ikkje å koma med den tome og falske unskyldninga du brukar her på jorda.: Folk vil ha det, og då lyt dei få det.

Foreldre som let slike ting få rom i heimen,

syndar mot Guds bod og mot sine eigne born. Dei styrande i herad, storting og regjering, og andre som let ein slik sæd floyma over landet syndar mot Gud og sitt eige folk. Like eins forfattarar og lærarar som lever og lærer dei unge tida sin nye og gudsfliente moral.

Vår tid er komen langt på synda sin veg, og dei stakkars unge som veks opp i ei slik tid lyt hausta det «fedrane» har satt. Seksualiteten, narkotikamisbruket, og den tiltakande lovløysa, det er alt frukta av den sæd som har vorte satt i lange tider. Det siste på markedet er eit framlegg om automatar på toaletta, for å gjera det lettare for dei unge å få tak i midlar til å unngå fylgjene av si synd. Slike midlar hjelper ingen til å unngå fylgjene av synda, det blir berre ei hjelp til synd.

Men Gud har gitt oss eit middel til å unngå synda, og synda sine fylgjer. *Det er Guds ord og bod.* Den som lever etter det sjette bodet, han er fri uønska barn og alle sjukdomar som kjem som ei fylgje av denne synda. Vil du hjelpe slekta som veks opp, og vera med å redde vårt folk, så forkynn Guds bod til dine barn i heimen, i skulen, sundagskulen og barnelag, på møter og fest, og kvar du elles får eit høve. Diverre når me i berre ein liten del av folket vårt idag. Lærar og prest er vel dei som når i dei fleste, og dermed de isom bær det største ansvaret. I alle

fall er kyrkjene fullsette juledag og andre høgtider. Aldri går eg så sjuk og sår heim som slike dagar, når eg hører kor lite dei blir nyitta. Der blir tala som om alle var gode og kjære kristne, sjølv om livet visar at dei fleste lever som motstandarar av Gud og hans Ande i si ånd og sitt hjarta. Me treng ikkje venta sann vekkelse før me forkynner folket deira synd og deira sanne forhold til Gud — til Jesus.

Men deg som ser og erkjenner di synd, som lid under synda og dens tunge fylgjer, kan eg visa ein annan veg. Jesus elskar deg, og han kan ta bort synda og reisa deg opp frå ditt fall. Lova er skriven for at de ikkje skal synda, men om nokon syndar, så har me ein talsmann hjå Faderen - Jesus Kristus, den rettferdige. Han har sona verda si synd ved sitt blod, og teke bort verda si synd og dens fylgjer ved sin død, og vunne seg rett til å tilgi synda og frelsa syndaren. Det står skrive at han kan fullkommen frelsa dei som kjem til Gud ved han.

Det er han som seier Kom til meg, så skal du finna kvile! Kalla på meg, så skal eg utfri deg!

Du treng ikkje prøva på å retta på noko eller pussa deg opp, du kan koma nett slik som du er. Det gjorde den bortkomne sonen i Luk. 15, og røvaren på krossen.

Kom til meg, og høy, så skal sjela di leva.

A. Lid.

## *Me les Sendebreva*

Av Gudmund Hjorthaug

### Brevet til menigheten i Filadelfia (Openb. 3, 7—13)

Dette brevet har ein heilt annan tone enn dei fleste andre breva. Som brevet til menigheten i Smyrna, er dette brevet eit trøyste

brev, og trøystetonen er helst endå sterkare her. Ofte kostar det meir å leva rett enn å døy rett, — å leva frimodig enn å døy frimodig. Hadde Smyrna truskap til døden, så hadde Filadelfia ikkje mindre truskap i det

daglege liv, og den daglege strid. Må Gud også gi oss den nåde, nå når tida er så åndeleg mørk.

### Brevskrivaren.

Han presenterar seg her med to uttrykk som bære strekar under bodskapen i brevet. Først : Dette er den sannordige — det sannferdige vitne. Sjølv ein sann kristen kan til sine tider koma i tvil om sanninga, når han møter løgn og villfaring kamuflert som kristendom. Når eigen fattigdom på frukter blir synleg på bakgrunn av andres rike utvikling og vekst. Då melder slike tankar seg : Er det eg som tek feil, er det likevel eg som har fare vill, er det du Jesus som har ført meg hit? (Sjá om Johs. døyparen i fangehuset (Matt. 11, 3). I slike tider er det einast sanningsordet frå Jesus som kan berga oss (Salme 119, 92)

For det andre : Han som har Davids nøkkel. Ordet nøkkel talar om rett og makt. Ein huseigar som har kjøpt og betalt huset, han får nøkkelen og rår over den. Slik har Jesus kjøpt og betalt for heile ætta med sitt blod, og har difor fått all makt i himmelen og på jorda, makt til å frelsa og til å halda dom. Og med denne «nøkkelmakta» er han verksam i si frelse menighet på jorda, i og med at han har gitt oss evangeliet og gjort oss til eit tempel for den Heilage Ande (Matt. 16, 19). Det var på grunn av truskap mot denne nåde at menigheten i Filadelfia fekk høyra og erfara at dørene var opna for dei av Herren.

### Bodskapet i brevet.

Bodskapen i brevet var til dei som levde den gongen, og den er til oss som lever i dag. Også her tek han til med å seia at han veit om stillinga dei er i. Hyrden med det store og brennande hjartelaget overser ingenting og ikkje noko blir gløymt. Eg veit at du har lita kraft, eg veit om gjerningane dine, som kanskje synest deg små og ringe.

Så nemner han det som i hans augo er det viktigaste av alt : *Du har teke vare på mitt ord og ikkje fornekta mitt namn* — same korleis det såg ut i dine augo. I dette ligg truskapen, å ta vare på hans ord — leva i evangeliet og vitna om evangeliet, kva det enn kostar og korleis det ser ut. Her er det at Herren får koma til i *si tid*, og gjera *sin gjerning*, slik at hans namn blir herleggjort. Her kjem Herren til med sin rikdom og siger, i sin time og på sin måte. Der me berre såg og møtte stengde dører, og berre kjende på domen i oss for eiga dugloye og kraftløyse, der kjem han og opnar opp og gjer sitt under (2. Kor. 12. 9—10).

Sjeler blir vakte og frelseste, nokre av fiendane — av Satans synagoga — kjem og vedkjänner seg si synd og erkjenner at det er deg Herren elskar. Det er dei som ingen ting har han tek seg av, og gjer rike ved sin nåde. Sjá, dette er sigersdagen for alle som elskar Jesus, dette at syndaren ser si synd og finn Jesus. Og dette lovar han alle dei som med truskap tek vare på hans ord, og som med tålmod ventar på den dag *Han* opnar døra.

Måtte Gud også gi meg og deg også den nåde å vera tru inntil Jesus kjem. Haldt fast på det du har, seier Jesus i vers 11.

Då vil også dei andre lovnadene bli røyndom for oss : Eg vil gjera deg til ein pillar i mitt tempel. Ein pillar er ei støtte som Gud dannar og set inn for å bera i Guds rike på jorda. Nokre synlege, til nytte og æra for Gud som t.d. leiarar, forkynnurar, og dei som bær fram Jesu vitnemål offentleg og på to manns hand. Andre meir i det sjulte, ved forbøn og sjelesorg.

Så lovar han å føra sine ut av den store trengsla, som skal koma over heile jorda for å prøva dei som bur der. Dei som bær hans namn og merke, vil han gi fri inngang på domens dag, og til sist livsens kruna. Livsens kruna trur eg er toppsymbolet på den herlegdomen som den frelseste brur skal dela med

brudgomen i det himmelske brudlaup og i Jesu Kristi evige rike.

Førebuinga til den store antikristelege trengsla er alt byrja i store deler av verda i dag, og snart stig antikristen sjølv fram. Då blir trengsla total over heile jorda. (Openb. 13). Salig er då den som har Kristi merke på si panna, og ikkje dyret sitt merke, Kristus skal fria sine ut frå trengsla og for alltid gøyma dei i sitt sjul (Openb. 12, 19).

Er du min ven ein av dei som Jesus *kjennes ved?* «Hvor salig er den lille flokk, som Jesus kjennes ved. I ham, sin frelser, har de nok, nu og i evighet.»

## Jonas

Av Odd Dyrøy

Jonas sto opp og ville fly til Tarsis, bort frå Herrens ásyn. Han for ned til Joppe og fann der eit skip som skulle gå til Tarsis. Jonas betalte reisepengar, gjekk om bord og ville fara ned til Tarsis, bort frå Herrens ásyn. (Jonas 1. 3).

Dette ordet fortel om ein Guds profet på avveg. Kan det gå an? Kva var årsaka til at Jonas flydde bort frå Herren? Han hadde fått i oppdrag frå Herren å gå til Nineve, den store stad, med bod om at dei måtte venda om. Oppgåva var stor, det er sant Til ein by full av heidningar, med eit folketal på meir enn tolv gonger ti tusen. Tre dagsreiser lang. Dei hadde like fine og mektige templer for sine gudar som hjå Guds Israel. Dertil var det eit folk som sto Israel etter livet både lekamleg og ándeleg.

Eg undrast ikkje på at Jonas vart redd, og ikkje fann seg dugleg til dette. Dertil så var det nok ein som viste han spottorda og vanæra han ville møta. Det vil sikkert kosta deg livet Jonas. Du får ta det med ro, ei reis ville gjera deg godt, reis til Joppe. Legg

alt seg til rette for deg, då er det nok Guds vilje og veg. Redsel tok Jonas sitt profethjarta, og forførande ånd vart hans vegvisar.

Det er farleg å krevja teikn på at ein er på rett veg. Det visar Jonas sin veg. Hadde han gåt tmed mørkt ásyn og tunge tankar til Joppe, så lysna det for han nå. Tenk skipet låg klart og reisepengane var betalte. Det kunne ikkje passa betre. Nå kunne han kvila i von om at han hadde valt den rette vegen. Men det var vegen bort frå Gud!

Mange er dei som på same måten har funne kvile i teikn og under, i tru på at dei var på rett veg. Men vegen førde bort frå Gud til ei evig fortaping. Det er ei alvorleg sanning frå Guds ord.

I neste romet på skipet sov Guds profet vantrua og sjølvtryggleiken sin tunge søvn. Han sov så tungt at om båten vart kasta hit og dit, om folka letta båten for alt dei kunne unnvera, så vakna ikkje Jonas.

Du som les dette er vel ikkje ein av dei som sov, som er på veg bort frå Gud mot ei evig fortaping?

Kor glad eg er for at der var ein som ikkje sov, ein vaktar som ikkje slumrar. Denne Gud sov heller ikkje i dag!

Jonas fekk røyna at Herrens ord var sant. Kvar skal eg fara frå din Ande, og kvar skal eg fly frå di ásyn. Mi gonga og lega røyner du ut og alle mine vegar kjenner du grant (Salme 139). Gud visste kvar Jonas sov.

Gud let aldri nokon sovna inn i døden utan å vekkja dei. Det viser alt Gud ord. Tenk berre på David og Peter, Farao og Pilatus. Tenk for ein nåde det var at Jonas skulle vakna før dei nådde Tarsis. Hadde han sove til dei kom fram var det forseint. Salig er den som blir vekt mens han er på livshavet, før båten når fram.

Hedenske sjømenn og Guds allmakt jaga han opp i det neste skipsromet og fekk Jonas på dekk. Han vart sikkert overraska. Freden han fekk i Joppe var nå borte, trua på at han var på rett veg forsvant for det

rasande havet. «Be til Guden din», lydde det til Jonas. Han prøvde vel, men bøna var utan makt, utan Ånd og utan takk. Havet rasa som før. Nå såg han først alvoret i å røma frå Guds åsyn og Guds veg.

Då heidningane høyrdet ville dei prøva få han i land. Men vinden vart endå tyngre.

Eg undrast på om Jesus tenkte at om bøna ikkje kunne snu veret så skulle denne ved kjenninga hjelpa? Jonas visste kvar stormen kom frå.

Så kom siste forhoret. Kva skal me gjera med deg? Kast meg i havet, sa Jonas. Eg er verdig til det, for dette har hendt dykk for mi skuld. Nå var Jonas villig til alt. Han såg sin svikt, sin ulydnad og forakt både mot Gud og heidningane. Han såg seg nok forkasta både av Gud og menneske. Når han for over rekka og i det opprørte havet hadde han vel berre ein tanke: Forkasta og alt fortapt.

Men der nede i havet lydde etter bønerøsta. Eg tenkte. Eg er støytt bort frå dine augo. Men eg skal etter skoda opp til ditt heilage tempel. Med lovsongs tonar vil eg ofra til deg, det eg lova vil eg halda. Hjå Herren er frelsa (Jonas 2).

Då stilna det opprørte hav — vredens hav. Dei heidenske sjømennene vart frelst ved Jonas sin lydnad til døden. Deira offer og bøn kunne ikkje hjelpa, for om dei letta båten for alt dei kunne vart stormen tyngre.

Slik er vårt forhold til Gud. For at ikkje vi skulle gå under, vart Jesus kasta i Guds vreies hav. Nå er Guds vrede over all synd teken bort og sona i ein stedfortredar. Ser du det? «Hva ingen andre i verden kunne, de tbåde ville og kunne han.»

Ved Jesu død var det meir enn eit skipsmannskap som vart berga. Ved hans død vart heile slekta forlikt med Gud. Frelsa er for alle, og alle kan nå himmelens skjonne Land.

Men tilbake til Jonas, Guds vitne. Han var redd for å peika på avgudane i den store

stad. Det undrar meg ikkje. Når Gud også i vår tid kallar og peikar på tida sine Gudar og kallar til å forkynna dom og undergangen for syndarane, då blir du freista til å røma. Men kjære, røm ikkje, då vil det berre henda deg noko verre. Det vil du sjå av det som hende Jonas.

Når Guds profetar ikkje vil forkynna at der berre er ein Gud, og ta den vanæra som fylgjer med, då vil det gå galt både med vitnet og folket i bygd og by som Gud ville berga frå avguderiet sitt famntak og undergangen.

I Nineve såg dei ikkje kva dei var på veg imot, og det gjer heller ikkje vårt folk idag. Men Guds auga såg og Guds hjarta var varmt for de ivillfarne i Nineve, og han er den same mot oss som lever nå.

Du som lever i «Nineve»-verda, og du som er kalla av Gud til å gå med bodet, les profeten Jonas! Og Jesus sa til sine at dei skulle tenkja over det dei las og høyrdet frå Guds ord.

---

## *Gi Herren det du har lova*

**(Salme 50, 14)**

Eit gammalt ordtak seier at det er lettare å lova enn å halda. Det har du nok gjort erfaringar om mange gonger. Noken menneskje har svært lett for å lova, men du kan aldri rekna med at dei held det — ja, ofte ser det ut for at dei lovar og gløymer det med det same. Dei er med andre ord upålitelege. — Dette har utvikla seg til å bli ein stygg brest i karakteren, til stor skade for deg sjølv og andre, om du er ein av dei.

Verst er det når ein truande visar seg å vera slik. Då er du ingen god anbefaling for den Herre og frelsar du trur på og vedkjenner deg.

Men aller verst er det med det me har lova Gud. Mange har nok gitt Gud både mange

og store løvnader gjennom livet, i fåre og vanskelege situasjoner, som aldri har blitt innfria. Her i dette ordet kjem Herren og minner deg på å gi eller halda det du har lova han.

Kanskje du tenkjer at eg har ikkje lova Herren noko. Eg undrast på om me tenkjer retteleg over det, om det finst menneske som kan seia seg fri for det.

### Løfter gitt til Herren.

Juledag var eg i kyrkja, og den dagen var den full av folk. Blant anna så reiste heile forsamlingen seg og vedkjende seg at dei trudde på Gud, den almektige Fader, som skapte himmel og jord, — på Jesus Kristus som blei unnfanga ved den Heilage Ande, fødd av jomfru Maria o.s.v., på den Heilage Ande, ei heilag ålmen kyrkja, samfunnet av dei heilage o.s.v. Utruleg mange var dei som vedkjende seg dette høglydt med å seia vedkjenningsetter presten. Det er svært å høyra, når ein stor del ved sitt liv gjennom året gir eit tydeleg vitnemål om at dei ikkje trur på Gud, Jesus eller den Heilage Ande — og slett ikkje på eit samfunn av heilage. I si ånd og hjarta viser dei seg som motstandarar av Jesus og all sann forkynning av han.

Så var det barnedåp. Presten spurde foreldre og fadrar om dei ville at dette barnet skulle oppsedast i den kristne forsaking og tru. Til det svara dei ja. Det er eit stort løfte gitt til Herren, og der eg sat måtte eg tenkja på kor mange foreldre og fadrar som har gitt Herren det løfte. Kanskje du som les dette er ein av dei som har gitt Herren dette løfte for kvar av barna dine, eller kvar gong du har teke på deg å vera fadder. Korleis har du halde det løfte?

Vidare lova både foreldre og fadrane å *forsaka djevelen og alle hans gjerningar og all hans åtferd*. Korleis blir dette løfte halde?

Ved konfirmasjonen har dei unge vedkjent seg foreldra sine løfter, og personleg gitt dei

same løfter. Om ein ny konfirmasjonsordning prøver å unngå det gamle personlege svar og løfte, så er det at du møter fram til konfirmasjonen det same som personleg løfte overfor Gud.

Kva er så djevelens gjerningar og åtferd som du har lova å forsaka og ta avstand ifrå? For det første er det verda og tida si ånd, som visar seg i at du må vera lik dei andre, dei som gjer det kjøtet og tankane vil. Verda si lyst — kjøtlyst, storlete i livnad, verdsleg fornøyelse og nyting o.s.v. er alt saman av verda og hører til djevelens gjerningar og åtferd. I 2. Timot. 3, 1-fg. kan du få vita meir om djevelens gjerningar og åtferd.

Vidare har du kanskje stått framfor Herrens åsyn og lova å elsko og æra ektemaken inntil døden, og vera trufast hjå han i vonde og gode dagar. Korleis står det til med det løfte?

Vidare sat eg på juledag og såg på alle menneskja som samlast, og tenkte på den veldige anledning ein slik dag er å nå dei med Guds ord. Og eg såg for meg dei mange forsamlingane omkring i heile landet. — Tenkte og på det løfte prestane har gitt for Guds åsyn om å vera ein tru sjelhydrde, og å forkynna i samsvar med den Heilage Skrifta. Få dagar i året blir det løfte brote slik som ein juledag. Talen blir helst om den ytre sidan ved jul, og litt om barnet som blei født julenatta og burde bli midtpunktet i julen. Ellers blir det tala som om alle var frelst Guds barn. Det skille som Skrifta set mellom frelst og ufrelst, vantru og truande, det ser ut for å vera borte frå forkynninga. Forkynninga er ikkje slik at påhøyren kan sjå sitt sanne forhold til Gud.

Kvifor kom Jesus til jorda? Skrifta fortel at han kom for å få i stand eit forlik. (2. Kor. 5, 18—21).

Ved syndefallet oppsto det strid og fiendskap mellom menneske og Gud. Det hender også mellom menneske, mellom naboar, mellom ektefolk, innen familien, og difor har sam-

dre? Og korleis kan menneskja bli forlikt med Gud når ingen forkynner dei deira synd og sanne forhold til Gud?

Framh. neste nr.

## REISERUTER 1. HALVÅR 1972

funnet valt eit forliksråd som har i oppdrag å prøva få i stand forlik mellom partane. Det var Jesus si oppgåva å få i stand forlik og forsoning mellom menneske og Gud. Synda har sett opp eit gjerde, ein skillevegg, mellom menneske og Gud — *fiendskapen*.

(Efes. 2.)

Dette forliket har to sider, sidan det er to partar i striden og fiendskapen. Ordet fortel at *Gud var i Kristus og forlike verda med seg sjølv*. Denne sida ved forliket er i orden, for heile verda. Denne sida blir nok forkjent, men oftast som om dette var nok og gjeld for alle uansett det personlege forholdet til Jesus.

Men Skrifta forkynner ei viktig sida til ved forliket. *Kvart einskild menneske må bli forlikt med Gud!* «Så er me då sendebod i staden for Kristus, liksom Gud sjølv gav fyretelling gjennom oss. Me bed i staden for Kristus: *Lat dykk forlika med Gud!*» Her syndar mange prestar og bryt sitt løfte til Gud, og mange forkynnarrar med, ikkje minst ein juledag da dei nær mest folk.

Korleis veit me at eit menneske er forlikt med Gud? Ordet seier at då *har Gud lagt forliksordet — evangeliet — ned i oss*. Ikkje berre i forstand eller kunnskap, *men i hjarta og samvit*. Hjå det menneske er fiendskapen og motstanden mot Anden og evangeliet broten. Då er di ånd og ditt hjarta samd med Gud, anten talen er om deg og di synd eller frelsen i Jesus.

Då er du eit sendebod som prøver å føra menneske til forlik med Gud, ved forliksordet. Korleis kan ein forkynnare som ikkje har fått forliksordet nedlagt i hjarta hjelpe an-

1. BRANDAL : Avaldsnes 22. — 30. jan., Rogaland, Namdalens etter påske. Påskehelga : Namdalen.

2. DYRØY : Namdalens, Trondheim, Sunnmøre, Nesflaten, Suldal, Foldøy. Påskehelga : Bygland.

3. HJORTHAUG : Avaldsnes : 22. — 30. jan. Sunnhordland, Bømlo, Telemark, til disp. Påskehelga : Randaberg - Varhaug.

4. LID : Avaldsnes 22. - 30. jan. Telemark, Oslo, Agder, Nordhordland, Osterøy, Sogn. Påskehelga : Avaldsnes.

55. LINKJENDAL : Bygland, til disp. Påskehelga : Hardanger.

6. NYGÅRD : Hardanger, Telemark, Namdalens. Påskehelga : Namdalen og Askim.

7. M. SKUMSNES : Nesflaten, Suldal, Foldøy, Telemark. Påskehelga : Hardanger.

8. AAKHUS : Avaldsnes, Haugesund og omegn, Hardanger. Påskehelga : Sannidal.

## SUMARSKULANE

1. Sumarskule med årsmøte blir i Namsos i tida 19. - 23. juli.
2. Sumarskule på Sunnhordland Folkehøgskule, Halsnøy i tida 2. — 6. august.  
Program kjem i eit seinare nr. av bladet

## «Lov og Evangelium»

På grunn av auka utgifter er det no heller lite i kassen for bladet. Dette til påminning for dei som står bladet frivillig.